



Skøyta ligg no ved Eidsvik

Programmet for Bøkkervelden på Rød laurdag 28. juni er no klart og eit sentralt innslag i år vert motorskøyta Fortuna (før Nadodd) som Arne Møller og Runar Myklebust eig. Med seg har skøyta ein loddebåt på slep.

Under kvelden ligg skøyta til kai og det vert ein markering ute før ein går inn til jazz og anna program. Det vil også bli overlevering av byggjeskiltet D/S AALVIK 1929 til Veteranskipslaget Fjordabåten og Grunnlovsjubileet markerast.

Skøyta Fortuna er ei 35 fot kravellbygd skøyte med 48 HK Mama diesel. Før hadde ho ein 15 HK semidiesel.

Eigar var Johan Stangeland frå Hundvåg i Stavanger. Opphavelag var ho eit seglfarty brukt i sildfarten, jamvel på Island. Fartyet må med sin alder og historie kunne reknast som verneverdig.

Påmeldinga har alt starta og går til Kristian Olav Bringedal på 915 31 487

Tekst og foto Kristian Bringedal

Nett: Ola Matti Mathisen